



DET KONGELIGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

2007 01461 -18

K1/ERO

Grøvla kraft AS
v/Oddvar Kvamsås
Angedalen
6800 FØRDE

Deres ref

Vår ref
09/00956-2

Dato
15 APR 2010

Klage på løyve til Grøvla kraftverk i Angedalen, Førde kommune

Departementet synar til dykkar klage i brev dagsett 15. januar 2009.

NVE har handsama klagen i brev dagsett 24. april 2009 til departementet og har ikkje funne grunnlag for å endre sitt vedtak.

1. Bakgrunn

Grøvla Kraftverk AS (GK) søkte 9. juni 2006 om løyve etter vassressurslova § 8 for å bygge Grøvla kraftverk. Grøvla er ei sideelv til elva Anga i Angedalen, Førde kommune. Det omsøkte kraftverket vil ha utnytta eit fall på 339 m og ville gitt ein årleg produksjon på om lag 8 GWh.

NVE gav den 22. desember 2008 løyve etter vassressurslova til å bygge Grøvla kraftverk, på visse villkår. NVE har i sitt vedtak lagt vekt på at den omsøkte utbygginga ville ha negativ verknad for opplevinga av den nedste, synlege fossen i Grøvla og det biologiske mangfaldet i fosserøyksona. NVE fant at plassering av kraftstasjonen med utlaup ovanfor fossen ville vere eit betre alternativ enn nede ved samlaupet med hovudelva Anga. NVE fant at løysinga ville redusere konfliktane med landskap, fossesprøytsone, kulturminne og støy frå kraftverket. Den reduserte utbygginga vil i følgje klager ha ein årleg produksjon på 6,5 GWh.

2. Klaga

Grøvla kraft har klaga på NVEs konsesjonsvedtak. Dei meiner det er grunnlag for den omsøkte plasseringa av kraftstasjon. Klaga kan oppsummerast slik:

Ved å flytte kraftstasjonen til kote 180 frå kote 120, fell den nedste av dei 7 grunneigarane delvis ut av prosjektet. Med omsøkt prosjekt vil alle grunneigarane på Tjønneland kunne ta del i prosjektet og få eit styrka næringsgrunnlag.

Kraftstasjon på 120 vil gi den beste resursutnyttinga av vassdraget.

Kraftstasjon på kote 120 vil best ivareta det totale landskapsbilete.
Minstevassføring og tilsig frå restfeltet tek vare på omsynet til landskap.

Det biologiske mangfaldet i kløfta er kartlagt som lokalt viktig. Minstevassføringa, resttilsiget, overløpsflaumar og regn direkte på lokaliteten er tilstrekkelig for å ivareta mosen som er påvist i sona.

Utbygginga vil ikkje kome i konflikt med påviste kulturminne på staden, uavhengig av kraftstasjonsplassering.

Kraftstasjon på kote 180 vil ikkje vere ei betre løysing for omsyn til støy enn plasseringa på kote 120. Klager vil gjere det som er teknisk mogeleg slik at støy frå kraftverket blir minimal.

3. Departementets merknader

Elva Grøvla ligg i eit område som er prega av landbruk og busetnad. Den nedste fossen i Grøvla er godt synleg frå vegen, og er eit lokalt viktig landskapselement. Strekninga langs Grøvla er ikkje mykje nytta til friluftsliv, men ein god del turfolk passerer fossen med bil på veg innover Angedalen. Fråføring av vatn vil redusere fossens verdi som landskapselement. Fråføring av vatn vil òg kunne ha verknad for biologisk mangfald i fossesprutsona. I tillegg vart det ved NVEs handsaming av saken reist spørsmål om støy frå kraftstasjonen kunne verte eit problem. Av omsyn til landskap, biomangfold, kulturminne og støy ga NVE konsesjon til ei redusert utbygging med kraftstasjon på kote 180, oppstraums den mest synlege fossen.

Departementet synfor området den 9. oktober 2009 saman med representantar frå klager og Sunnfjord energi. I etterkant av synfaringa ba departementet om at tilleggsutgreiing vert gjort for å kartlegge mose og lav i fossesprøytsona, som eit supplement til dei biologiske undersøkingane gjennomført tidlegare. Bioreg AS har i sin rapport dagsett 30. november 2009 gjort registreringar av mose og lav. Bioreg har vurdert konsekvensane for dei nemnde artsgruppene for området, og kome med framlegg til avbøtande og kompensierende tiltak. Utgreiingane viser at fossesprøytsona nedanfor den nedste fossen i Grøvla er ein lokalitet med ganske stort artsmangfold, særleg kva gjeld bladmosar, medan lavfloraen innan lokaliteten er artsfattig og triviell. Naturverdien er verdsett til lokalt viktig, det sama som tidlegare utgreiing. Samla verdi av den undersøkte elvestrekninga ved den nedste fossen i Grøvla er vurdert som middels/liten. Bioreg har vurdert at ei utbygging av Grøvla vil ha middels/lite negativ verknad på naturverdiane langs den undersøkte elvestrekninga.

Fordeler ved utbygginga av Grøvla kraftverk er i hovudsak ny kraftproduksjon. I tillegg vil tiltaket vil medverke til å styrke næringsgrunnlaget og oppretthalde busetnad i Angedalen. Med plassering av kraftstasjonen på kote 180 vil kraftproduksjonen verte redusert, ikkje alle grunneigarane vil kunne delta i prosjektet og heile fallet vert ikkje utnytta. Ei plassering av kraftstasjonen på kote 180 vil vere eit synleg framandelement oppe i dalsida og vil og krevje bygging av veg opp dalsida. Departementet vurderer at plassering av kraftstasjonen på kote 120 i botnen av dalføret og nær andre bygningar vil vere ei betre landskapsmessig løysing enn ei plassering på kote 180.

Tilleggsutgreiinga viser at omsynet til det biologiske mangfaldet i fossesprøytsona kan takast vare på ved å setje krav om minstevassføring. Departementet vurderer òg at dei negative verknadene for landskap og friluftsliv av ei utbygging ned til kote 120 vil kunne avbøtast ved slepp av ei monaleg minstevassføring.

Etter ei heilskapleg vurdering finn departementet at ei utbygging av Grøvla kraftverk med plassering av kraftstasjonen på kote 120 vil vere den beste ressursutnyttinga. Med fastsett minstevassføring vil omsynet til landskap og biologisk mangfald ivaretakast. For å sikre at omsynet til støy vert tatt vare på skal NVE ved godkjenning av detaljplanar setje krav til at dei beste tekniske løysingar vert nytta ved utforming av kraftverket. Detaljplanlegginga skal også sikre at tiltaket tek omsyn til kjende kulturminne.


For å sikre landskapsverknad av fossen og for å ta omsyn til naturmangfaldet langs vassstrengen settast minstevassføring i sommarhalvåret til 180 l/s i perioden 1. mai til 15. oktober og 60 l/s i resten av året.

4. Konklusjon

Klaga vert teken til følge. Departementet ber NVE utstede nye konsesjonsdokument i tråd med vedtaket.

Dette vedtaket kan ikkje påklagast, jf. forvaltningslova § 28, tredje ledd, fyrste punktum.

Med helsing



Katrin Lervik (e.f.)
fung. avdelingsdirektør



Tollef Taksdal
rådgivar

Kopi:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Sunnfjord Energi AS
Norges vassdrags- og energidirektorat
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Førde kommune